

Wattn styrkar laget, og får med seg ekspertise innan digitalisering og produkt- og tenesteutvikling

Thomas Fossum og Christian Aasebø byrja 1. september som henholdsvis CDO og leiar for produkt- og tenester i det nye straumselskapet Wattn. Dei får med dette ansvaret for utvikling av smarte og framtidretta produkt og tenester til straumkundane, på ei solid digital plattform.

Thomas Fossum kjem inn som CDO i Wattn etter fleire år i det Ålesund-baserte konsultentselskapet Avento, som har spisskompetanse innan digitalisering. Han har dei sist åra jobba som løysingsarkitekt og rådgivar, men ser no fram til å ta fatt på nye utfordringar.

Det handlar om å treffe kundane der dei er, og tilrettelegge for gode digitale løysningar som forenkler kvardagen. Wattn skal vere med på å endre bransjen gjennom digital innovasjon, samtidig som vi skal ha fokus på smarte løysingar for dei kundane som ikkje ønsker å vere heildigitale - det er viktig for oss, seier Thomas Fossum, CDO i Wattn.

Aasebø kjem frå stillinga som Senior Product Manager i Hansen Technologies, og har vore med å byggje opp gründerbedrifta Elis i Dale i Sunnfjord til å bli den globale Software leverandøren dei er i dag.

Eg synes det er inspirerende å jobbe med design av nye innovative produkt for straumkundane, og har god erfaring med å leie store digitale utviklingsprosjekt. Straumbransjen står ovanfor mange spennande endringar den komande tida, og vi i Wattn skal gi kundane enda fleire konkurransedyktige produkt og tenester, seier Christian.

Det nye straumselskapet Wattn jobbar i desse dagar intensivt med å få på plass dei siste brikkene til endeleg lansering i haust.

-Vi er svært fornøgde med å få Thomas og Christian med på laget, og ser fram til å kunne dra nytte av all erfaringa dei har med seg. Eg er sikker på at den kunnskapen dei sit med, i kombinasjon med god gjennomføringskraft vil vere med på å styrke oss ytterlegare i Wattn, seier Administrerende Direktør i Wattn, Øystein Vikingsen Fauske.

Om Wattn

Wattn er eit nytt og spennande straumselskap med framtidsretta produkt og tenester som fokuserer på smart teknologi og berekraft. Gjennom gode løysingar ynskjer vi å gje kundane betre innsikt og kontroll over kostnadar og forbruk. Wattn har 50 tilsette fordelt på kontor i Ålesund, Sandane, Førde, Florø, Ørsta og Vik i Sogn, og vil fortsette med å vere like lokale som tidlegare, berre med eit endå større kompetanseteam.

Wattn er eigd av TAFJORD (38,07%), SFE (27,50%), Tussa (19,03%) og Sognekraft (15,40%). Det er selskapa som driv med rådgjeving og sal av straum i dei fire konserna som har slått seg saman. Dei resterande selskapa i dei fire konserna er ikkje omfatta av samarbeidet og vil hade fram som før.

Kontaktinformasjon:

Øystein Vikingsen Fauske, Adm.dir, Wattn AS
Telefon: 924 61 952
Epost: oystein.vikingsen.fauske@kraftfire.no